



Hordaland fylkeskommune

Vår ref.
17/60-14/N - 250/JONE

Dykkar ref.

Dato:
05.04.2017

Søknad om midlar til innlegging av kulturminne i databasen -Askeladden

Viser til brev dagsett den 30.03.2017 i frå Hordaland fylkeskommune om utvida frist for å søkja om midlar til å leggja inn prioriterte kulturminne i databasen –Askeladden. Kvam herad vil med dette søkja om **50 000,- kr** til arbeidet.

1. Status på kulturminneplanarbeidet

Kvam herad vedtok i heradsstyresak 048/15 planprogrammet for heradet sin kulturminneplan. I planprogrammet står mellom anna; «I kulturminneplanen skal me greia ut:

- Kva kulturminne som skal dokumenterast/registrerast
- Kva kulturminne som skal takast vare på
- Kva tiltak som må setjast i verk for at me skal kunna ta vare på kulturminna (handlingsprogram)

Fram til august 2016 var planarbeidet leia av leiar for kultur, som i prosjektgruppa også hadde med seg fleire frå administrasjonen, representant i frå Hardanger og Voss museum, representant ifrå Kvam soge og kulturminnelag og ein i politikar i frå heradsstyret. I perioden august 2016 og fram til mars 2017 har Kvam herad vore utan prosjektleiar. I frå mars 2017 har Kvam herad engasjert Frans Arne Stylegar i frå Multiconsult, som prosjektleiar. Den same prosjektgruppa vert med i det vidare arbeidet. Stylegar skal leia arbeidet fram til sommaren og målet er å få fram eit høyringsutkast innan den perioden.

Arbeidet med kulturminneplanen er godt i gang og målsetjinga er å få endeleg vedtak av planen innan årsskiftet 2017/2018.

2. Ei kort skildring av prosjekt

I arbeidet med kulturminneplan vil det vera viktig å få fram kva som finst av kultur- og fornminne i kommunen, få fram korleis kulturminne skal forvaltast og kva kulturminne som skal få ein spesiell merksemd igjennom planen. Dette arbeidet er godt i gang og vert tydeleggjort i planen. Grunnlaget for det vidare arbeidet vert såleis gjort i kulturminneplanen, vidare oppfølging og innlegging av prioriterte kulturminne i den nasjonale kulturminnedatabasen, må gjerst etter vedtak av planen.

3. **Oppstart;** Januar 2018
Avslutning; April 2018

4. Finansieringsplan.

Kostnad;	Innlegging av prioriterte kulturminne i Askeladden	50 000,- kr
Finansiering;	Tilskot i frå Hordaland fylkeskommune	50 000, - kr

Vonar på positivt svar.

Ta kontakt med undertekna for meir opplysningar

Helsing

Jon Nedkvitne

Samfunns- og utviklingssjef

Telefon: 56553021

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.